



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 08.06.2016**  
**Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus**  
**Klokka 13:15 – 16:00**

**Møtte:** Gerd Helen Bø, John Opdal, Bjørn Laugaland, Sigbjørn Hauge, Arnstein Menes, Morten Midlang, Svanhild Løge Skålheim, Edmund Utne.

**Forfall:** Arne Bergsvåg, Marthe Hammer

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Sak 17/16    Meldingar**

Uttale: Utgreiing av tunell som permanent vegløyising for Rv 13 langs Granvinsvatnet i Granvin herad.

Drøfting i møtet: Viktig i den vidare oppfølging å be om auka rammer.

**Vedtak:**

Meldingane vart tekne til vitande.

**Sak 18/16    Evaluering av Årskonferansen.**

- Tidspunkt (i høve NTP-prosessen).
  - God timing ift. NTP-prosessen. Dette vert viktig også for neste års konferanse.
- Marknadsføringa v/epost/nyheitsbrev.
  - Økonomiske rammer gjev ikkje rom for dyre løysingar. Sosiale medier er billige og har vorte nytta mykje.
- Foredrag/innleiarar: Særleg gode og mindre gode
  - Foredragshaldarane var nøgde.
  - Vi er nøgde med innleiarane
- Møte/debattleiing
  - Vi er godt nøgde.
- Samansetting av debattpanel og tema
  - Viktig å halda tidsramma. Det vart gjort.
- Tidsplan: For tett, passe eller laust?
  - Det bør sjåast på om neste konferanse har noko lengre og fleire pausar.
- Hotellet: møteromma og serveringa
  - Bra !
- Presentasjon på [www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no) og facebook undervegs og i etterkant
  -
- Pressedekning
  - Sogn Avis var tilstades.
  - Omtale i Hordaland, Hardanger Folkeblad, Suldalsposten i etterkant

- Opplevd nytteverdi
  - Viktig å knytta kontakter med sentrale beslutningstakarar innanfor vegsektoren.
  - Rett å knytta tema opp mot reiselivsnæringa

**Vedtak:**

Styret ber administrasjonen leggja denne evalueringa til grunn for planlegging av Årskonferansen 2017.

**Sak 19/16 Tema og strategisk tidspunkt for Årskonferansen 2017.**

Årsmøte 2017 vert avvikla i samband med årskonferansen.

Stad: Blix Hotell, Vik i Sogn er forespurd om å husa årsmøte og årskonferanse.

Arrangementsspørsmål:

- Strategisk tidspunkt for Årskonferansen  
Medio mars 2017 ( før påske ). Før komitehandsaming i Stortinget.
- Deltakaravgift  
Kva er smertegrensa for nivå på deltakaravgift. Differensiera pris medlemmer/ ikkje medlemmer. Forslag medl. 700,- Ikkje medlemmer 1.000,-
- Øvre grense for tal på deltakarar  
120 deltakarar

Tema:

- NTP
- Andre aktuelle tema:  
Utvikling av reiselivet i Fjordveg-regionen etter Ryfast.
- Innleiarar  
Invitera Samferdselsminister Kjetil Solvik-Olsen.

Styret vert oppmoda til å koma med forslag til innleiarar. Meld dette til Hanne.

**Vedtak:**

Hanne Sundbø arbeider vidare med planlegging av Årskonferansen 2017 og legg fram forslag til detaljprogram for styret.

**Sak 20/16 Status og vidare framdrift: Analyse/Scenariostudie – Reiselivet i Fjordvegregionen etter opninga av Ryfast (2019)**

Edmund Utne: Viktig å løfta fokus på Rv 13 i denne fasen når utbyggingar på denne aksene ligg nærare enn store prosjekt på E 39 og E 16.

Marknadsføring av Ryfastopning må på plass i Rogaland.

Analysen vil vera viktig for alle kommunane langs Fjordvegen.

**Vedtak:**

1. Arbeidsgruppa for innleiande fase blir utvida med Edmund Utne.
2. Mandat for arbeidsgruppa:
  - Ramer og programutforming for dagskonferansen
  - Oppnå finansiering av ei analyse med ekstern konsulent slik utgreidd i sak 03 og 14/16.
3. Dagskonferansen blir onsdag 14. september, Hotell Ullensvang

**Sak 21/16 Nye midlar til Brattlandsdalen i revidert Nasjonalbudsjett.  
– Status/orientering**

Dagleg leiar orienterte.

**Vedtak.**

Orienteringa vert teken til vitande.

**Sak 22/16 Val av tidspunkt for styretur og grov plan for gjennomføring.**

Tidspunkt for styretur er fastsett til 27. – 28. september 2016.

Måndag 26. september.

Overnatting i Stavanger for dei som ikkje rekk frå heimen til Stavanger tysdag morgon

Tysdag 27. september

Møte med Stavanger kommune m.fl. Eks nabokommunar, fylkeskommunen, næringsliv  
Synfaring Ryfast ?!

Transport til Strand. Møte med Forsand, Strand, Hjelmeland kommune m.fl.

Transport til Sand. Møte med Suldal kommune m.fl.

Transport til Hardanger. Møte med Odda kommune m.fl. Overnatting

Onsdag 28. september

Transport til Voss. Møte med Voss kommune m.fl.

Transport til Vik Møte med Vik kommune m.fl.

Transport til Balestrand Møte med Balestrand kommune m.fl.

Synfaring Nasjonal Turistveg Utsikten Gaularfjellet

Retur

- Invitera medlemmer som kommunar, organisasjonar og næringslivsrepresentantar til kvart møte.
- Tema, lokale spørsmål til drøfting på kvart møte.
- Deltaking frå styret på dei ulike møter og etappar.

**Vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å utarbeida detaljprogram og presentasjon til møter på turen. Administrasjonen lagar liste over kven som skal inviterast til dei ulike møter og avklarar denne med styreleiar.

**Sak 23/16 Fast Post:**  
Gjennomgang av status for RV 13

Sogn og fjordane:

Moskog – Dragvik:

- Opning av utsiktspunktet «Utsikten»
- Gaularfjellet vert stengt 1. oktober 2016.
- Planar om utbetring av Dragsvik ferjekai ( ligg litt fram i tid )

Vangsnes – Hordaland grense:

- Ferje frå Hella til Vangsnes kvar halvtime ( Nytt frå i år ) Gjeld også Dragsvik.
- Goteviktunnelen planferdig. Ventar på løyving. Mogeleg oppstart hausten 2017.
- Massar frå Goteviktunnelen skal nyttast som berelag i Vikafjellstunnelen.  
Planferdig
- Rassikringsprosjekt Kvassdalen inne i NTP.
- Største utfordring er at Vikafjellet er stengt alt for mange dagar i året.

Hordaland:

Sogn grense – Hardangerbrua

- Turistvegpunkt i Skjervet, Granvin herad. Opning mai 2016.

- Tvinne – Stalheim. Vegvesenet arbeider med ny reg.plan.
  - Voss kommune ønskjer avkøyring frå ny E16 til Vikafjellet.
- Hardangerbrua – Odda
- Trafikkproblem ( kork ) mellom Hardangerbrua og Kinsarvik. Aukande med turisttrafikken utover sommaren.
  - Kolonnekøyning gjennom Måbøtunnelen skapar store problem for trafikken. Arbeidet i tunnelen vil truleg vera avslutta 12. juni.
  - Ønskjer lysregulering på smale parti mellom Kyrkjeneset, Kinsarvik og Bu. Fjordvegen sender ønskje om lysregulering.
  - Deildo: Lange periodar med stengt veg. Nattestengt i 6 veker frå 6. juni.
  - Store problem og skadeverknader for reiselivet.

Odda – Rogaland grense

- Reguleringsplan Stanatunnelen er frå 1995.
- Odda – Tyssedal reguleringsplan er ferdig 2015. Ikkje med i NTP 2018 – 2029.
- Oddadalen. Kommunedelplan er ferdig. Ikkje på NTP.
- Turistvegprosjekt Låtefoss. Planar må justerast i samsvar med ny riksveg.
- E 134: Endring av dagline på Liamyrane.
- Vegvesenet ønskjer å gå direkte på reguleringsplan for Seljestad.
- Vegvesenet planlegg «korte» tunnelar over Haukeli.
- Brattlandsdalen: Ekstramidlar til rassikring ( raslomme )

Rogaland:

Hordaland grense – Nesvik

- Ønskjer rassikringmidlar inn på NTP vedr. Rødsliane Lovreidet.
- Dårlig merking etter nedlegging av ferje Sand – Ropeid. Feil i skilting
- Oppgradering av tunnelar
- Turistvegstatus ny strekning.

Hjelmeland – Oanes – Sandnes

- Ventar avklaring vedr. ny tunnel langs Tysdalsvatnet.
- Ryfast er «i rute».
- Ønskje om gang- og sykkelveg mellom Tau og Jørpeland.

## **Sak 24/16 Møteplan 2. halvår 2016 og 1. halvår 2017**

### **Vedtak:**

Møtedato:

27/9 2016

15/11 2016

17/1 2017

Medio mars i samband med årskonferansen ( ikkje 23. og 24. mars )

9/5 2017

Møtestad:

Ullensvang

## **Sak 25/16 NTP 2018 - 2029**

Styremedlemmane frå fylkeskommunane ( Sogn & fjordane og Rogaland ) orienterte om eigen fylkeskommune si handsaming av uttale til NTP.

Referat frå møter:

25.5: Innspelsmøte m/Samferdselutvalet i Rogaland

30.5: Politikarmøte Sogn & Fjordane v/Morten Midlang.

### **Vedtak:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

## **Sak 26/16 Ymse**

Prosjekt Brattlandsdalen vil få momsrefusjon om prosjektet får ny prosjekteigar som har momsrefusjon for kostnader. I/S Fjordvegen har ikkje momsrefusjon for kostnader. Det vert derfor gjort endring i prosjektplanen der Prosjekteigar vert endra frå I/S Fjordvegen til Ryfylke IKS.

**Vedtak:**

Denne endring vert gjort i samsvar med krav frå revisor og utført slik:

- I/S Fjordvegen ber Ryfylke IKS om å påta seg rolla som Prosjekteigar.
- Ryfylke IKS v/ Styreleiar og dagleg leiar stadfester at selskapet påtar seg rolla som Prosjekteigar.
- I/S Fjordvegen v/ Styreleiar og dagleg leiar stadfester overføring av prosjekteigarfunksjon for «Prosjekt Brattlandsdalen» frå I/S Fjordvegen til Ryfylke IKS.

Jostein Eitrheim  
sekretær